



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1.

ROGALAND

1976

Namnet på vatnet Aue Tjeldsund
Kommune Kjelne land

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Oyvind
Vasshaug.

Ø V R E T Y S D A L S V A T N

Fiskeanalysen vart foreteken den 24. aug. 1976.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune og grensar i vest til øvre Valheim og i aust til øvre Tysdal.

Arealet er omlag 900 ha, og såleis eit av dei største vatna i fylket. H.o.h. er 64 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men dei stupbratte fjellsidene rundt vatnet skulle tilseie eit vesentleg djup.

Stranda består for det meste av stein og fjell, men litt sandstrand vil ein finna innimellom.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men noko botngras, brasmebras og algevegetasjon vil ein finna einskilte stader.

Nedslagsfeltet femner om mykje snaufjell, men også ein del skogsmark, kulturbete og fulldyrka mark.

Hovudtilsiget "Tussa" fell inn i nord og bortsett frå dette fell det inn ei rekke større og mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut ved Bergaland i sør og til Årdalselva.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 12,0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 6,4 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1,0 mg/l og den totale hardheita 2,0 mg/l.

Vatnet er såleis kalkfattig og blir utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 16,4.

Gjennomstøyminga kan vera ganske stor.

Faunaen i vatnet.

P.g.a. mykje stein i strandsona vart det berre teke ein botnprøve. Denne vart teken på 4,0 m djup og det vart funne 4 vårflugelarver og 1 fjærmygglarve eller samla 50 individ pr. m^2 .

Det kan sjå ut som om det er heller lite med næringsdyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne vårflugelarver, vannkalv, myggpupper, dafnier, plankton og stankelbein.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50,0 m og eit vertikaltrekk på 10,0 m, med planktonhov, og begge prøvene må karakteriserast som mykje fattige.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Laks, sjøaure, ferskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 2 svidder, 2 sjøaurar og 12 ferskvassaurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av ferskvassauren fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.




Det vart teke prøver av dei 12 ferskvassaurane og av desse var 6 røde, 3 lys-røde og 3 kvite i fiskekjøttet.
2 av fiskane var angripne av parasittar.
Vidare var der 6 hanfiskar og 5 hofiskar.
2 av fiskane var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,4	10,3	15,4	19,8	23,8	26,0
Årleg lengdetilv. i cm	4,4	5,9	5,1	4,4	4,0	2,2
Antall fiskar	12	12	12	11	10	3

Medel kondisjonsfaktor = 0,91 tilsier noko mager, langstrakt fisk.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for ferskvassauren i Øvre Tysdalsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Ø. Tysdalsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Til vanleg er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så då vi her berre fekk 12 fiskar er det uvisst om desse er representative for auren i vatnet, men ein viss peikepinn vil dei gi.

Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 30 cm, men i eit såpass stort vatn som dette vil det alltid finnast ein del stor aure. Dette er såkalla "jagarar" som ernærer seg mykje av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriseraast som noko næringsfattig, men tilhøva ligg elles vel tilrette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er betre enn ein skulle tru, men den steile og steinute strandsona gjev grunnlag for ein heller sparsam fauna kva botndyr angår.

Planktonprøvene var og fattige og prøvefisket gav ikkje fullgodt svar på fiskebestandet i vatnet.

Då Ø. Tysdalsvatnet er eit av dei største vatna i fylket, vil fiskeprøven i venstre del av vatnet ikkje vera nok for å få eit bilet av tilhøva. Helst skulle ein teke fiskeprøver over fleire netter og på ulike stader, då tilhøva sikkert vil veksle mykje fra stad til stad. P.g.a. den djupe og bratte strandsona langs store deler av vatnet, skulle prøvefisket vore utført med flytegarn.

Hausten 1977 må vatnet prøvefiskast på nytt og då i den nordaustre delen. Ved eit tilsvarande prøvefiske her vil ein få eit noko sikrare oversyn.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsi herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Ø. Tysdalsvatnet består mykje av snaufjell, men her er og spreid skogsmark og noko kultivert mark. Stort sett er nedslagsfeltet skrint og det er heller lite med mineral- og næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet.

Ferskvassauren vi fekk var ikkje av fullgod kvalitet, så det er ting som talar for at fiskebestandet er noko stort i høve til næringsforrådet. Dette er ting ein må prova å få greie på ved ein ny analyse.

Etter det vi har fått opplyst skal det vera røy i vatnet, utan at det lukka oss å få noko av dette fiskeslaget under prøvefisket. Grunnen er nok, at røyra held til i dei djupare vasslagene og helst oppsøkjer grunnane ved gytetider om hausten. Då røyra er ein stimsfisk, som ernærer seg mykje av plankton, skulle dette store og djupe vatnet høva bra for røyra.

Det som gjer vatnet særskilt interessant, er at sjøaure og laks går opp. Dette er ettertrakta fiskeslag og fylgjeleg må alt gjerast for om mogeleg å auka bestandet her. Vatnet kjem inn under lakseloven m.o.t. fredningstider.

Gytestadene for både laks, sjøaure og ferskvassaure skulle ein tru måtte vera i hovudtilsiget "Tussa" i nordre delen. Ei nærmere gransking av gyttetilhøva vil bli foretaken i samband med ein ny analyse.

Praktiske tiltak.

Før ein har granska vatnet nærmare er det vanskeleg å koma med nokre praktiske tiltak.

Vi skulle tru at vatnet inneheld eit stort røyrbestand som vil tåle å bli skattat hardt og likeeins at innlandsauren må skattast hardare enn tilfelle er i dag.

Elles vil ein koma tilbake til dette etter ai ein ny analyse er foreteken.

Stavanger den 30. mars 1977
Einar Berg